Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Sör-Tr. lag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Soknedal.

Emne: Julenissen.

Bygdelag: Gaulדal.

Oppskr. av: Sigrid Solberg

Gard: Solberg.

(adresse): Soknedal, Tröndelag

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Julenissen.

1. Me kan segja ca. 50 år. Det kan godt vera nissen, - som gåvenisse - er vorte kjent frå julehefter o. sl. og det var nok i heimane, han fyrst sjynte seg.

2. Julenissen kjem vel med dei gåvor, som er „komne inn" i myrkninga julekvelden.

3 Nokon av husfolket tek gjerne på seg å vera julenisse - helst skal han no vera liten, men ein lyt no ta han som ein har han tilk.

4. Ja, maske med kvitt skjegg og raudluve, men elles vel utstyret bli ymse.

5 Ja, ein kjöper helst.

6-7. Det er berre av namn ein no kjenner dei mystiske vesen „julebukk" og „julegeit". Ein trur ikkje, julenissen har noko med desse å gjera. (Her har vore skikk, at julekveld og juledag skulde alle halda seg heime kvar hoss seg sjölv. Eg hugsar frå me var små (for ei 50 år sidan) at om me born ikkje var godtil å halda oss etter denne regelen, men gjekk på vitjing til granneborna då - so vart me erta, når me kom heimatt, at me „hadde löpt julgeit".

5291

2

Julegeita, og rimeleg ogso julebukken, var altso nokre skapnader, som fór gardmil-lom i jula, og som synte seg her og der.

8 Aa, ja, eg trur julenissen kjem etter tuftekallen, og vil likna denne - og vil få borna til å tru, at det er fjós- og låve-nissen, som er ute og går.

9. Ukjent.

5291
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING